



Kalkdoseraren har hatt avgjerande verknad for å sikra det biologiske mangfaldet i børsdalselva og Uskedalselva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Saksbehandlar Arne Gjellan i kommunen ber fylkesmannen om refusjon av forskotterte utgifter for 2.008 på nær 30.000 kroner til drift av kalkdoseraren i Børsdalselva.**

Men samstundes ber han fylkesmannen om å vurdere gjenoppretting av den tidlegare ordninga med overføring av ei ramme som kommunen kan trekkje på for dekking av løpande utgifter for 2009, eventuelt for 2010, til drift av kalkdoseraren.

Doseraren, som har hatt ein avgjerande og positiv verknad for rekrutteringa av fisk i vassdraget, har ein silokapasitet på 40 tonn og doseringa er styrt av vassføringa. Den maksimale dosering er 1.000 kilo i timen. No er det sju år sidan anlegget vart starta. Det vart finansiert frå det statlege fondet for kalking av forsura vatn og vassdrag.

Som det blir streka under i orienteringstavla på anlegget fører eit årleg kalkforbruk på 150 tonn til at vasskvaliteten vert stabilisert og surt vatn nøytralisert.

Av Ola Matti Mathisen



## *Kalkdoserar i Børsdalselva*

Kalkinga av Børsdalselva og Uskedalselva er avgjerande for å oppretthalde vasskvalitet og livsvilkår for fisk og mikroorganismar i vassdraget, og derved sikre det biologiske mangfaldet.


Anlegget i Børsdalselva vart starta opp i mars 2002. Bygginga og drifta av anlegget er finansiert med midlar frå det statlege fondet for kalking av forsura vatn og vassdrag.

Eit årleg kalkforbruk på om lag 150 tonn medfører at vasskvaliteten blir stabilisert og at surt vatn vert nøytralisert.



### Teknisk informasjon:

Silokapasitet:	40 tonn
Dosering:	Styrt av vassføring
Maks. dosering:	1000 kg pr. time
Varsling:	Anlegget er fjernovervåka og har telealarm
Driftsansvar:	Kvinnherad kommune og Uskedalen Grunn- og Elveigarlag
Fagleg ansvar:	Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga
Hovedleverandør:	Miljøkalk DA, Brevik

 Kvinnherad kommune

Fylkesmannen i Hordaland  
Miljøvern  
avdelinga

Uskedalen Grunn- og Elveigarlag

 MILJØKALK